

Styremøte Øvre Naustdal Utmarkslag
Instedalen skule
Onsdag 03.12.14 kl. 19.30

møtereferat

Desse møtte: Normund Svoen, Arne Dvergsdal, Gudmund Eimhjellen, Kjell Klopstad.

Forfall: Odd Vonen.

Saksliste:

1. Utfiskingsprosjektet i Vonavatnet.

Orientering om arbeidet så langt og mulegheiter vidare. Budsjett. Søknad om økonomiske støtte.

- a. Skal vi gå vidare med prosjektet i tilfelle vi får innvilga økonomisk støtte?
- b. Bruk av eigne midlar?
- c. Korleis forpliktar vidareføring av prosjektet styret og Utmarkslaget elles?

Leiar har sendt ein godt dokumentert søknad med budsjett og finansieringsplan til Fondsstyret for LVO om dialogmidlar. Søknaden er også sendt FMSF. Styret sluttar seg til at prosjektet vert vidareført.

Det blir elles vist til søknadskomenta.

2. Hengebruprojektet. Orientering om status. Veggen vidare.

Det har vore synfaringar på staden, og leiar har vore i kontakt med aktuell entreprenør. Kommunen og NVE har gjort faglege vurderingar. Saka står i påvente av at entreprenør sender kostnadsoverslag.

3. Stien langs Vonavatnet austover. Orientering. Veggen vidare.

Arne Dvergsdal orienterte. Det vart lagt fram notat frå synfaring. Det vert vist til denne. ØNU melder tilbake Verneområdeforvaltninga at laget vil ha kloppene av furuplank som blir stilt til rådvelde. Oppstart av det praktiske arbeidet er planlagt våren 2015. Dvergsdal er laget sin oppmann i prosjektet.

4. Bryggeprosjektet ved Vonavatnet. Status.

Styret drøfta saka, og meiner at i staden for ein rein betongkonstruksjon bør brygga helleleggast evt. med murpuss. Med ei slik løysing vil arbeide kunne gjerast på dugnad. Det er viktig at opprustinga av brygga blir gjort slik at den blir tilpassa strandsona på ein god måte.

Vonen og Klopstad arbeider vidare med dette.

5. Småviltprosjektet.

Eimhjellen orienterte. Det har ikkje vore gjort mykje i denne saka siste året. Eimhjellen arbeiderer vidare med å få prosjektet fram.

6. Orientering

- a. Stimerking til Gjengdalsskaret/Maristeinen
- b. Aktivitetar sommaren 2014; båtar , fiske, parkering, Svobrua friluftsområde.
- c. Villreinjakta. : Fellingsprosent 100.

7. Årsmøtet 2015. Planlegging.

Årsmøtedato vert 28.02.2015.

8. Evt.

På spurnad frå Krinsstyret skal ØNU gje ei uttale om bruken og behovet for møtelokale i Instedalen skule. Leiar formulerer uttale.

Møtet slutt kl 21.30

Ref: K.Klopstad